

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum.

Emne: Ting til legedom og vern
mot sykdom.

Bygdelag: Bjølset.

Oppskr. av Olav Furuset.

Gard: Sør Bråten.

(adresse): Jømna st.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Hans Bråten, fòdrådsman, Jømna st, 87 år.

SVAR

Ringer.

1. Ringer til vern mot sjukdom har vore brukt. Dei skulle verna mot gikt, og vart kalt giktringer.
2. Ein giktring likna på ein giftering både i form farge. Men inni var dei annorleis. Dei Hans hadde sett var av messing utanpå og eit anna metall inni.
3. Det er sikkert nok at taterene juksa til seg mang ein gamal giftering av gull mot giktringar. På det viset kom mange av dei til Elverum.

Armbånd.

6. Det vart brukt armbånd mot gikt. Dei var glatte og hadde messingfarge. Diverre kan eg ikkje gje nærare utgreiing for korleis dei sag ut. Eg har ikkje sett noen sjølv. Det er berre dei få opplysningane Hans Bråten kan gje eg har å halde meg til.

Belter.

10. Dei brukte lærbelter med messing på mot gikt. Belta var stoppa med hundull. "Ho mor brukte eit slikt, og ho tykte det hjelpte", fortalde Hans B. ("I Lundstua i Heradsbygda var en ta gutta sa forderve ta gikt at han var sengeliggenes. En dag kom en finne innom. Han let på at gutten skulle bli kurert ta gikta om han berre fekk tak i en kvelp som han skulle ligge i senga hos 'n støtt. Døm sa gjorde, og 7 maner etter var gutten fresk. Men kvølpen var så maroder ta gikt at døm matte ta livet ta 'n". Fortald av Hans Bråten).

Øreringer.

- 14. Dei kan fortelja om eit døme der ein mann har brukt ring i eine øyret. Det skulle hjelpe mot døvhet. Dette var før hundreårsskiftet. Dei kan hugse fleire kvinner som brukte øyrering. Saleis fortel dei om ei som heitte Ulrikka Mastvelta som brukte det.
- 15. Den som Ulrikka Mastvelta brukte minna om ei øredobbe og var festa gjennom eit hol, bora gjennom øreflippen.
- 16. Dei brukte berre ring i det eine øyret.
- 17. Øyreringen skulle skjerpe hørsla.
- 18. Det var same grunngjevinga for det bade når menn og og kvinner brukte øreringer.

Forskjellige ting.

Der det var mye orm la dei ut noe dei kjøpte på apoteket som dei kalte "divelstrek". Elsetmannen bad gjentene sine om at dei skulle ta eit knott i munnen av det når dei la seg til å sove når dei heldt til på Bølsjøsetra. Det var så mye ele (firfisle) der, og den trudde dei ellers ville krype ned i halsen på dei under søvnen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

"divelstrek"

dyvelstrek =
dävvelstreck

(brukt av Frelberg
angav i "Den 4. november")

9765